

# Skalden frå Sæheim

Diktet som me i dag gjev att etter Johs. M.L. Rydland, skreiv han i ei av sine mange sjukdomstider. Ikkje mindre enn 12 gonger hadde han giktfeber, så han var vel kjend med kva sjukdom er.

Slike stunder kunne tankane sysla med så mangt. Men ikkje sjeldan gjekk dei til menneske han kjende, folk han hadde møtt og

vore saman med. Då kunne gjerne tankane forma seg til vakre «rimbrev», slik dei har gjort det i dette brevet til barndomsvenen, Einar.

Desse to var vener heile livet. Dei hadde ikkje same livsyn på ymse vis. Men Johannes fekk sitja ofte hjå han Einar då han låg på det siste. Då dei skildes siste gon-

gen, seier Johannes: «Ja, så lit me på Gud då, Einar, - begge karane». «Ja,» svara Einar. Og med det skildest dei..

I diktet «Du Einar», kjem dei mange sidene ved Johs. M.L. Rydland fram: lyrikaren, mennesket og forkynnaren. Diktet vart skrивe fleire år før Einar døydde.